




BØMLO KOMMUNE
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Helle Holte Bruland, 5557 2324

Uttale - høyring - reguleringsplan - Bømlo 101/226 m fl - Strandavegen - 202304

Vi syner til dykkar oversending, datert 13.09.2024. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av detaljregulering for eit bustadområde med seks bustadtomter der to er bygd frå før, tilkomstvegar og leikeplass, på Meling. Planområdet er på 8,9 daa, og aktuelle problemstillingar er opplyst å vere strandsone og terrengtilpassing. Arealet er sett av til bustad i gjeldande KPA for Bømlo. Statsforvaltaren har fått utsett frist til 08.11.2024.




Figur 1 - utsnitt frå plankart (13.08.2024), og flyfoto (2024, kommunekart)

Våre merknadar

I ROS-analysen er det trekt fram at planframlegget vil gje auke i trafikk, og at dette aukar sannsyn for ulukker. Vi ser av merknadane til planen at bebuarar i området er bekymra for trafikktryggleik, plassering av leikeplass og uheldige situasjonar med aktivitet frå born og trafikk med høg fart langs vegane. Det vert òg skildra ei utvikling med utbygging i området som har skjedd stykkevis over tid. Vi merker oss at leikearealet i planen er plassert noko inneklemt mellom vegane, og vi forstår elles at dette er ein eksisterande og opparbeida leikeplass som no vert inkludert i planområdet. Det er



skildra i planomtalen at det er lite trafikk. Det er 50km/t fartsgrensa på vegane, og det er ikkje stilt krav om fortau.



Figur 2 – utsnitt frå KPA Bømlo, planområdet synt med raudt omriss.

Reguleringsplanen inkluderer ikkje heile arealet som er sett av til bustad i KPA, og planen gjer ikkje heilskaplege vurderingar av utviklinga langs Melingsvegen over tid. Vi merker oss òg at det er fleire frådelte tomter utanfor og aust for reguleringsplanen, og at det òg er fleire uregulerte bustadområde langs Melingsvegen; eit ved enden på Melingsvegen i vest, og i aust ved krysset ved Hiskavegen. I Hallaråkervegen er det elles regulert eit større bustadområde som ikkje er bygt ut, og det er elles sett av store område til LNF-spreidd bustad langs Melingsvegen. Langs sjø er det òg sett av areal til bustad/utleige, fleire naustområde og småbåtanlegg. Samla sett er det lagt opp til å bli svært stor aktivitet i området på sikt – noko som vil kunne utløyse eit behov for både fortau og trygge kryssingspunkt for å ivareta trafikktryggleik og omsynet til born og unge. Dette kan verte vanskeleg å sikre i planarbeid som ikkje omfattar store nok område, då det kan verte uforholdsmessig å stille kostnadskrevjande rekkjefølgjekrav i små planar for å sikre opparbeiding av til dømes fortau. Dette kan sette ein stoppar for framtidig utvikling av andre område langs vegen.

Meland er opplyst i planomtalen til å ha vorte eit populært område å busette seg i for barnefamiljar og unge, og skule- og barnehagekapasiteten er rekna som god. Det vert skildra eit kollektivtilbod i gangavstand som er tilpassa for at dei fleste skal kunne ta buss til jobb og skule. Avstand til Svortland er 4,1 km, her finn ein butikk, skule/barnehage og ulike servicetilbod. I lys av den utviklinga som kan skje i området over tid, ber vi kommunen om å vurdere på nytt om det er naudsynt å regulere fortau langs Melingsvegen. Vi syner til [pbl. § 1-1](#) og [rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#). Kommunen må unngå å legge opp til ei stykkevis utvikling som potensielt vil gje store ulemper for oppvekstmiljø, trafikktryggleik og uføresette kostnader for kommunen på sikt. Det er viktig at kommunen tek aktivt stilling til denne problemstillinga før planen vert vedteken - og at dette vert vurdert i eit lengre og større perspektiv enn for bustadane i denne planen.

Vi har elles ikkje merknadar til planframlegget slik det ligg føre.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Helle Holte Bruland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

